

Helgedagen

KYRKJELYDSBLAD FOR TIME

NR. 2 - APRIL 2012 44. ÅRG.



Frå Time til Madagaskar
Side 6



Fokus er Jesus på krossen
Side 9



Nytt flott tilbud til alle på Lye
Side 12



Familiefokus
Side 16

Bryne - Time - Undheim sokn

Kyrjekontoret	tlf. 51 77 03 77
Kontortider: Måndag-Fredag: 09:00-14:00	
heimeside: http://www.time-kyrkja.no	
e-post adresse: kyrkjekontoret@time-kyrkja.no	
telefaks	tlf. 51 77 03 60
Kyrjekontoret: Erlandsbakken 6, 4349 Bryne	
Prost: Kjell Børge Tjemsland	tlf. 416 38 048
Sokneprest: Stein Ødegård	tlf. 911 57 105
Sokneprest: Gunnar Frøyland	tlf. 958 73 847
Kateket: Ingfrid Time Nærland	tlf. 970 99 661
Diakon: Torild Egeland Reime	tlf. 911 81 696
Sekretær Bryne sokneråd:	
Elisabeth Obrestad	tlf. 51 77 03 64
Sekretær Time sokneråd:	
Elisabeth Obrestad	tlf. 51 77 03 64
Sekretær Undheim sokneråd:	
Hanne Brit Sandsmark	tlf. 996 26 157
Sekretær: Kari W. Ødegaard	tlf. 51 77 03 77
Kyrkjevevje: Olav Vegard Søyland	tlf. 51 77 03 69
Konsulent: Tor Aase	tlf. 51 77 03 63
Prosjektleiar trusopplæring:	
Jorunn M. Ueland	tlf. 975 07 517

Time

Organist: Oddny Underhaug	tlf. 900 11 178
Kyrkjetenar: Alf Einar Weseth	tlf. 996 19 121
Soknerådsleiar Karin Lima Friestad	tlf. 476 23 950
Klokkar: Sofie Braut	tlf. 986 55 128
Time kyrkjegard	tlf. 51 48 32 84

Bryne

Kyrkjelydsprest: Leif Oscar Reiestad	tlf. 412 72 862
Kyrkjetenar: Alf Einar Weseth	tlf. 996 19 121
Organist: Per Olav Egeland	tlf. 900 18 708
Klokkar: Leif Andenes	tlf. 909 93 176
Soknerådsleiar: Ruth Stabel Berg	tlf. 938 31 623
Barne- og ungdomsarbeidar:	
Jorunn Pettersen	tlf. 51 77 03 72

Lye forsamlingshus

Heimeside http://www.lyeforsamlingshus.no	
Ungdomsprest: Ole Tørring	tlf. 951 78 971
Leiar forsamlingsstyret: Arne Heggheim	tlf. 900 34 326

Undheim

Sokneprest: Per Børge Hillestad	tlf. 934 42 919
Kyrkjetenar: Hans Undheim	tlf. 900 37 560
Soknerådsleiar: Kåre Sigurd Undheim	tlf. 51 48 43 07
Ungdomsarbeidarar:	
Synnøve Høyvik	tlf. 41 45 03 95
Runa Aarrestad	tlf. 90 76 02 32
Undheim kapell	tlf. 51 48 68 20

Besøk vår nettside:
www.time-kyrkja.no
 e-post: helgedagen@time-kyrkja.no

Til ettertanke

Fred vere med dykk!

Les gjerne Johannes evangeliet, kapittel 4.

Dagane med sorg og vantru blei forvandla til dagar med tru, glede og jubel. Både kvinnene rundt Jesus og disiplane var fylte av sorg, skuffelse og fortvilning. Korsfesting, død og grav hadde punktert heile deira tru og framtid, trudde dei. Difor kom dei til Jesu grav for å gråte der og ta ut sorga og saknet.

I staden møtte dei englar og Han, den levande og oppstadne, som Maria Magdalena trudde var gartnaren. Englane sin beskjed om at Jesus var stått opp og levde, forvirra dei. Men då dei hørde stemmen til Jesus, kjende dei han igjen og forstod at det var sant. Å høyra Jesus tala til dei opna augo, øyra og hjarto deira til ei fornya tru på Jesus som Frelseren. Han var håpet deira. Slik vart det også då Jesus gjekk og drøste saman med Emmausvandraran.

Nokre møtte Jesus i sorga ved grava. Andre møtte han midt i deira redsle, då dei av frykt hadde stengt seg inne i huset. Jesus seier til dei: "Fred vere med dykk!" Og Jesus møter Tomas då han strevar med tvil. Jesus seier til

Kjell Børge Tjemsland

han og dei andre også: "Fred vere med dykk".

Slik er Jesus. Slik kjem han også til oss og helsar oss: "Fred vere med dykk". Til Jesu grav treng me ikkje gå. For det er inga grav med leivningar. For Han er den oppstadne som lever i dag og er saman med oss nå. Vi som stundom både er redde og tvilar, skal også få høyre røysta hans og ta Jesu eige ord til oss: "Fred etterlèt eg dykk, min fred gjev eg dykk. Eg gjev dykk ikkje fred på same måten som verda gjer det. Lat ikkje hjartet dykkar uroast, og ver ikkje motlause." (Joh 14,27)

Me som stadig må gå til graver, kan trass sorg og sagn ta med oss den gleda som ligg i at Jesus er oppstoda og livet.

Og med eit ekstra "Fred vere med dykk" sender han oss ut for å dele og fortelje om oppstoda og håpet som me eig ved trua på Jesus Kristus: "Som Far har sendt meg, sender eg dykk" (Joh. 20,21).

*Kjell Børge Tjemsland
 prost, Jæren prosti*

Salmar

Ei som har delt sine påsketankar med oss på neste side, har gitt valet av salmen her i spalta denne gongen. Ei lita jente, Herborg Nord-sletten (Kverneland) såg for mange år sidan denne påskesalmen i altertavla i Time kyrkje

Naglet til et kors på jorden

Naglet til et kors på jorden
 Henger under vredens torden
 Himlens Herre og Guds Sønn,
 Selv den eviggode Fader
 Ham i kvalene forlater,
 Hører taus hans angestbønn.

Å, hvor engstet og bedrøvet,
 Inntil døden høyt bedrøvet,
 Er den ømme Frelseres sjel!
 Vredens fulle beger drikke
 Må han, skal han, eller ikke
 Blir hans frelses-kalk min del!

Hvem kan tenke på den smerte
 Uten med et såret hjerte
 Om endog en synder led!
 Men her led den evig høye
 Smelt mitt hjerte, gråt mitt øye,
 Se, her lider hellighet!


For all verdens syndebrøde
 Ville verdens Frelser bløde,
 Tåle spott og sår og bånd.
 Og til sist all livets kilde
 Senket hode mens han stille
 Segnet og oppgav sin ånd.

Gode Frelser, kan jeg tåle
 Kraften av en guddomstråle,
 Å, så send den fra deg ned!
 Tenn meg, at jeg må, jeg arme
 Full av ånd og hellig varme,
 Kjenne all din kjærlighet!

Å, la aldri noensinne
 Korsets tre meg gå av minne,
 Som deg, frelsens fyrste, bar!
 Men la kors og død og smerte
 Tale, rope i mitt hjerte
 Hva min frelse kostet har!

Hjelp at jeg fra synden treder
 Og meg alltid varsom gleder
 Ved min salighet og fred!
 Kjøpt jeg ble, ditt navn skje ære!
 Dyrekjøpt – å, la det være
 Varsel for meg hvert et sted!

Ja, Forsoner, la meg være
 Ofret deg til takk og ære,
 Helliget ditt velbehag!
 Sonet ved den død du døde,
 Skal jeg deg frimodig møte
 På den siste store dag.



Framsida- Foto Knut Aalgaard

Helgedagen

Utgitt av Time kyrkjelege fellesråd

Redaksjon: Else-Marie Bue, Liv Helene Øyre Håland, Oddny Underhaug, Ragnar Time, Knut Aalgaard, Gunnar Frøyland, Arnfinn Vigrestad og Gabriel Tengsareid. Layout: Gabriel Tengsareid og Knut Aalgaard. Trykk: Jærprint. Frivillig kontingent til Time kyrkjelege fellesråd, kontonummer 3212 20 24589. Merk innbetalinga med Helgedagen. Stoff kan sendast til Kyrjekontoret eller med e-post til gabriel.tengsareid@lyse.net og må vera oss i hende innan 18. mai. Ver vennleg å senda stoff til Helgedagen innan fristen. Neste nr. kjem ut ca. 7. juni 2012

Dette er ein latinsk pasjonssalme av Jacopone da Todi frå 1300-tallet og gjendikta av Benjamin Sporon i 1777. I Norsk Salmebok, nr.158 har salmen 8 vers. Biskop Bernt Støylene oversette i 1927 salmen til nynorsk. Hans versjon har 16 strofer, og vi finn den i Norsk Salmebok nr.151. Salmen er ein av våre mest kjende langfredagssalmer. Opprinneleg var dette ein latinsk hymne til Jesu mor. Maria står ved korset og er vitne til dramaet. Jesus er korsfesta og ho er knust av sorg. Ho kunne ikkje hjelpa han. Jesus måtte bera dette åleine Mange hånar han: "Andre kan han frelse, men ikkje seg sjølv!" Han som sa han var Guds Son! Jesus lir og Maria sørgjer. Dette får Bernt Støylene godt fram i si omsetjing:

Under krossen stod med tåra
 Jesu mor, i hjarta såra,
 medan Sonen pinsla bar.

Å, for angest ho laut lida,
 gruffull sjelekval og kvida,
 sverdet gjennom hjarta skar!

Sonen ser ho sundflengd, såra,
 hender, føter gjennombora,
 panna tornekrone ber

PÅSKETANKAR



Herborg Kvemeland

- Nokre glimt frå livet mitt, knytt til påskehøgtida.
- Eg trur det fyrste eg hugsar slik, er at mor hadde meg med til Timekyrkja, og eg vart oppteken av det vakre krusifikset der Jesus er «naglet til et kors på jorden». Å, så synd eg tykte om han! Mor forklara; -påskan var ein viktig del av truslivet hennar. I 1970

døydde ho i påsketider, sjølv sagt dukkar den tanken opp medan eg skriv.

På skulen og heime lærde eg påskesalmane. Særleg tykte eg «Jesus lever, graven brast» var dramatisk.

Den heimslege feiringa var enkel, med ei god kake og litt påskepynt, gåsungar i vase og påskeliljer.

Såkalla påsketurar var ikkje særleg aktuelt for oss, men ein gong i vaksen alder opplevde eg påskekudsteneste i den berømte krosskyrkja i Lesja; - det var ugløymande.

Biskop Sigurd Lunde hadde påskekudsteneste i Timekyrkja og tala over ord han hadde sett skrive i snøen: «Jesus lever». Same gong song mi litle dotter

«Kristi sto opp av døde» og «Å, salige stund uten like». Dei hadde lært salmane på skulen.

Eg tenkjer og på reisa gjennom ei lita bygd der alle flagg var på halv stong. Det var langfredag, lidinga sin dag. – Ein kontrast til jubelen i Grundtvig/Lindemanns mektige salme «Påskemorgen, slukker sorgen».

Fram gjennom åra har eg møtt påskehistoria gjennom kunsten; - i biletkunst av alle slag. Den sterkaste opplevinga slik sett vert likevel gjennom litteratur i høgaste klasse: - «Barrabas» av Nobelprisvinnar Pär Lagerkvist. - Med utsyn til doggpilgåsungane ved Frøylandsvatnet ynskjer eg ei god påskehelg.



Ola Eikeland

Som bonde er påskan normalt ei travel, men fin tid med lemming og vårarbeid. Gildt med nytt liv i sauehuset og grøne spirer på eng og beite. I seg sjølv eit fint bilete på Jesu frelsesverk på korset. Som familie prøver me å få med oss frukost og gudsteneste på kapellet påskemorgon. Me plar og få til ein tur i naturen med pølsegrilling og kos i lag med vener. Og så får me mykje besøk av barnefamiliar som vil sjå små lam, noko me set stor pris på.



Tore Norheim

Tore var ikkje van med å gå så ofte i Time-kyrkja som barn, men dersom han var på besøk hos morsfolket på Jelsa, var dei ofte i den fine, gamle kyrkja der første påskedag.

Nå går han gjerne i Time-kyrkja på påskedagsgudstenesta, heiser flagget og har helg. Utearbeidet på garden får liggja, men lemninga må gå sin gang anten det er helg eller ikkje.

Det var ei stor oppleving, hugsar han, å få vera med som korsongar og framføra den mektige påkesalmen "Som den gylne sol frembryter gjennom den kullsorte sky". Fleire kor saman, forsterka med pauker og symbalar, gjorde at den fine folketonen understreka innhaldet i salmen.



Maria Hauge

Mitt beste påskeminne er opplevinga mannen min og eg hadde ein gong i 1970 åra. Vi følgde tradisjonell katolsk påske frå onsdag til 1.påskedag i St. Dominicus i Oslo. Det var messer og skriftlesingar frå tidleg morgon til seine kvelden som følgde lidingsoga fram til jubel og glede

1.påskedag. I tillegg budde vi på Katharinahjemmet hos dominikanerinnene, - fekk eit innblikk i klosterlivet deira.

Alt var for meg ei stor oppleving som eg for alltid vil hugse.

Johannes Hetland og Øystein Bru Schjelderup, går i 9.klasse på Bryne ungdomskule



Johannes Hetland

Påsketankar:

-Ser for meg mange fargar
-Feiring av at Jesus vart krossfest for oss
-Kvikklunsj, ferie med skitur
Johannes er bl.a. med i IMF-brass, og skal vera med på Evensong, påskeevangeliet i ord og tonar, som vert arrangert på Saron i veka før påske.



Øystein Bru Schjelderup

Påsketankar:

-Påske-egg, kvikklunsj, appelsin, sol og snø
-Ferie, saman med familie
Øystein har fleire gonger vore på gudstenesta påskanatt i Time kyrkje, og skal der også i år. Hugsar spesielt ein av songane frå påskanatt: "When Israel was in Egypt's land, let my people go".



Mikal Berge

Eg trur på Jesus Kristus som Frelseren for meg og for heile verda. Påskeevangeliet er grunnlaget for heile den kristne kyrkja, og då blir påskan den viktigaste høgtida for meg.

Difor prøver me også å vera heime og få med oss gudstenesta første påskedag. Den er sær viktig for oss.

Judith og Sigmund Bjelland



FRÅ TIME TIL MADAGASKAR

Sist november, reiste Judith og Sigmund Bjelland til Madagaskar. Det vart ein tur over all forventning, med sterke og varige inntrykk.

- Det var jo mor og far som skulle ha reist, fortel Judith, - men helsa deira var sviktande og me fekk tilbodet. Far måtte ta ein stor operasjon. Han stod det ikkje over og døydde no i januar. Heldigvis fekk han sjå litt av filmen me tok opp, før han vart for dårleg. Det var tydeleg at det gledde han, tårene rann, og han var glad for at me hadde vore der.

Prosjekt på Madagaskar

Nesten litt tilfeldig kom Peder og Ragnhild Hommeland inn i dette prosjektet. Dei hadde behov for å vøla noko på badet, og røyrliggjar Sveinsvoll kom for å gjera det. Han fortalde om eit arbeid på Madagaskar han og kona var med og støtta. - Det var noko for mor og far, seier Judith, - NMS sitt

misjonsarbeid har alltid vore deira hjartebarn.

Arne Dragsund og kona var i mange år engasjert av NMS på Madagaskar. Då han i 2007 vitja landet på nytt, og spesielt tobyen Filadelfia i Manakara, såg han store behov for hjelp. Der var dei i gang med å byggja ny kyrkje, men hadde måtta slutta det av då pengane tok slutt. Det fekk han til å setja i gang med å samla inn midlar. - Dette arbeidet var det mor og far vart med i, fortel Judith. I fyrste omgang galdt det å få opp kyrkja, seinare fleire andre bygg, m. a. ei sjukestove. Kyrkja vart innvigd i 2009, og sjukestova stod klar til innviing i november 2011. Det var det Sigmund og Judith skulle få vera med på.

Møtet med landet

Det var med stor spenning dei landa på flyplassen i Antananarivo. Dei hadde sett bilete og høyrte andre fortelja, likevel var det endå meir eksotisk å koma

der sjølv.

- Varmen og luktene slo imot oss, fortel Sigmund. - Madagaskar er eit veldig frodig land. Heldigvis at Arne Dragsund var med, han kunne språket og losa dei gjennom litt kinkige situasjonar. Det var statskupp i landet for nokre år sidan, og dei nye styresmaktene har gjort mangt mykje vanskelegare, m.a. er det mykje korrupsjon.

Tobyen Filadelfia

Den gassisk-lutherske kyrkja er delt inn i tobyar, sjukelandsbyar som tek ansvar for dei psykisk sjuke. Det offentlege har berre eitt sjukehus for psykisk sjuke på heile Madagaskar. Innviingsdagen 11. november var Judith og Sigmund på plass. Alt var så høgtideleg, med prosesjon av representantar frå dei geistlege, politiet, fylkesleiinga og helsetenesta. - Og midt mellom desse gjekk me. Det var stort å få oppleve det, seier dei. Og veldig spesielt for Judith å lesa opp brevet frå far og mor med helsingar til dei frammøtte.

Fattigdomen

- Fattigdomen er så stor at me kan ikkje førestilla oss det, seier Judith. - Det er kanskje litt merkeleg å vera ute på reise, og grina så mykje. For det gjorde eg. Det var så overveldande. Borna gjekk i fillete klede, og hygienen var det absolutt så som så med. Hyttene dei budde i låg rett på bakken. Dei gjorde i frå



Landsbyen Nohona

seg på bakken på utsida av hytta. Kleda vaska dei i elva i vatn som såg heilt brunt ut, og la dei etterpå på vranga på bakken til tørk. - Alt dette me såg gjorde at me fekk så lyst å hjelpa, men det var så lite me kunne gjera. Kanskje det var den maktesløysa me kjende som var verst, seier ho.

Det smilande folket

- Borna var berre så nydelege! Judith vert blank i augo. - Me hadde med ein del klede, og det var ikkje lenge før me såg dei sprang rundt i kjolane «våre». Midt oppi all fattigdomen var dei så blide. Dei vaksne òg var så smilande og vennlege. Dei stråla og var så begeistra for me kom, og for det arbeidet misjonen har gjort for dei. Judith såg at mangel på kunnskap var mykje av grunnen til feilernæring og manglande hygiene. Nær 50% av borna døydde. Med ganske enkle grep og opplæring ville mykje truleg sett annleis ut.



Korgfletting i Nohona

Gudstenesta

Gudstenesta på søndag begynte tidleg, kl. 08.00. Då var kyrkja meir enn full, og like mange utanfor. Tilsaman var det sikkert over 4000. Mange hadde gått heimanfrå dagen før og overnatta for å nå gudstenesta. Fem timar vara det. Ofringa tok over ein time, under jubel og lovsong! Og folk heldt ut. Mange gjekk endåtil inn att etter at det var slutt! Det var tydelegvis fest for dei, sundagen skulle feirast i Guds hus og der var dei, oppkledd i det finaste dei hadde. Songen var sterk, firstemt. - Det var mektig, seier Sigmund. Han fortel at gassarane var veldig andektige og høgtidelege. Dei klappa ikkje i Guds hus, berre vifta med vibrerande hender. - Me frå Norge var framme og song og spela gitar, då susa det flott av tusenvis viftande hender i kyrkja etterpå!

Eit stort arbeid

Det var imponerende å sjå kva misjonen har bygt opp på Madagaskar, seier Sigmund. Det kyrkjelege arbeidet vert no meir og meir drive av gassarane sjølve. Skuleverket er òg mykje bygt opp av misjonen. Mange stader sat dei enno på bakken, utan bøker. Elevane skreiv med ein finger i sanden eller molda. Ikkje minst sterkt var det å sjå blindeskulen og møta borna der. Born med funksjonshemming vert ikkje tekne hand om, men

heller sett på som ei forbanning. Misjonærane reiser gjerne ut i bushen, viss dei veit om ein familie med eit handikappa barn. - Dei hadde akkurat henta ein liten, blind gut på 5 år den dagen me var på besøk. Det var veldig sterkt å sjå kristendom i praksis slik, seier Sigmund.

- Eg tenkte mange gonger at dette er akkurat som likninga om sennepsfrøet. Tenk på kor smått det begynte. Ein misjonær åleine i bushen, så sårbar og lite, men i dag er kyrkja på Madagaskar den åndelege heimen for store flokkar med glade, frimodige kristne. Dei strålar av ei glede og eit livsmot me berre kan drøyma om, og var stolte av å vera kristne. Det er stort å få oppleve, seier han.

Takksemd

Det er berre å bøya seg i støvet for det arbeidet misjonen har gjort på Madagaskar, seier Judith. Ho fortel at dei no ein dag var på besøk i ei kvinneforening på Frøyland der eldre misjonskvinner samlast. Det var så gildt å kunna takka dei for innsatsen og det dei har bidrege med til arbeidet på Madagaskar i alle år, alt dei har gjort, ikkje minst arbeidet med julemesssa. Der ute var dei så takknemlege, så den takken **måtte** me bringa vidare til dei som trufast har stått i misjonsarbeidet. Det har ikkje vore forgjeves, men bore mykje frukt! Judith tenkjer òg på dei misjonærane som vart sette på utpostar åleine. - Dei måtte få kraft frå Gud skulle dei klara det. Det er i alle fall sikkert at me har fått eit fornya og forsterka syn på misjon. Det er eit viktig arbeid som Gud tydelegvis velsignar, seier Judith og Sigmund, som gjerne er med på ein ny tur til Madagaskar.

Marta D. Undheim



Nye hus for dei sjuke i Filadelfia



Ny sjukestove



Filadelfia - den nye kyrkja

FOKUS ER JESUS PÅ KROSSEN

Helgedagen har tatt turen øvst opp i byggefeltet på Lyefjell. Her bur Esperanza Idland saman med mann og to barn. Helgedagen er komen for å høyra om korleis dei feirar påske i Ecuador. Det er snart sju år sidan Esperanza kom til Noreg. Ho er født og vaks opp i den nest største byen i Ecuador. Guayaquil ligg ved kysten mot Stillehavet og har om lag tre og ein halv million innbyggjarar.

Korleis er det å koma frå folkemylderet i Guayaquil til Lye, spør me? Den første tida i Noreg budde me einsamt til, fortel Esperanza. Då tenkte eg ofte: Kor er folk henne? Finst det folk her? Men no er eg blitt van med livet her og tenkjer at på Lye er der mange folk.

Kan du fortelja oss korleis de feirar påske i Ecuador?

Ecuador er eit katolsk land, seier Esperanza. Nitti prosent av folket høyrer til i den katolske kyrkja. Det offentlege rom og liv er prega av dette. Politikarar snakkar ope om at dei trur på Gud. Jul og påske er store høgtider som blir feira av mest alle. I Den heilage veka, som påska vert kalla, er radio- og TV- kanalane fulle av stoff og forteljingar om Jesus. Heile kulturen er prega av trua på Jesus, men ikkje mange kjenner Jesus som Herren. Alle går til kyrkje i Den heilage veka. Det er ei god tid for alle som kjenner Jesus. Det er lett å fortelja om Jesus i tida kring påske, og kvart år kjem mange til tru.

Feiringa av Den heilage veka er knytta til kyrkjelydane og fellesskapet der. Dei evangelisk kristne kjem saman, dei les i Bibelen og lærer kva som står der, og dei bed saman. Mange fastar. Nokre fastar frå mat. Andre fastar frå gjeremål dei elles brukar mykje tid på. Den heilage veka er dagar med konsentrasjon kring trua. Dei evangeliske kyrkjene held konferansar og leirar. Dei truande vert fylte av Jesus. Resultatet er ivrig teneste og frimodige vitnemål. Du skal fortelja om Jesus. Ikkje minst for ungdomsgruppene er leirane viktige. I påska er fokuset retta mot Jesus på krossen. Dei som trur på Jesus er stille for han og brukar tid saman med han. Folk er opne for åndelege spørsmål, og mange ønskjer å følgja Jesus. Korleis pregar påska heimane, spør me. Det er ikkje som her, seier Esperanza. I Noreg pyntar me med egg og kyllingar og andre symbol, og mange reiser bort. I Ecuador pyntar me ikkje på ein spesiell måte, og det er berre dei svært rike som reiser bort. Dei drar til strendene ved havet. Folk i Ecuador har ikkje så mange fridagar i påskeveka heller, om dei er så heldige at dei har arbeid. Berre Den heilage fredagen er fridag, i tillegg til



Esperanza Idland

sundagen som er påskedag. Skulane har fri Den heilage torsdagen òg.

Folk i Ecuador er fattige, seier Esperanza. Berre fem prosent er rike, men dei er til gjengjeld svært rike. Dei seinaste åra har det vakse fram ein middelklasse som klarar seg godt. Berre få av dei fattige er i gruppa svært fattige, men mange lever rett over denne grensa. Dei har tak over hovudet, men husa er dårlege. Dei strevar kvar dag så dei kan ha eit måltid til dagen. Eg har sjølv vakse opp i ein slik familie, seier Esperanza. No har familien min det mykje betre. Då eg kom til Noreg, tenkte eg at eg aldri skulle hiva mat, seier Esperanza. Etter som tida går, vert det vanskelegare og vanskelegare å halda det, seier ho. Me har overflod av alt her, så me tenkjer ikkje på det i det daglege. Dei fattige treng Gud for å leva frå dag til dag, seier ho tankefull. Dei rike trur at dei ikkje treng Gud. Helgedagen sin utsendte tenkjer: Det gjeld nok i Noreg òg. -Kvifor snakkar folk i Noreg så lite om tru, spør Esperanza. Sjølv kristne snakkar lite saman om Jesus.

Så godt at nokon kan koma til Noreg og hjelpa oss å sjå oss sjølv med klårare blikk. Då kan me òg sjå verda klårare.

Gunnar Frøyland

Gi til NMS – få skattefradrag!

Det Norske Misjonsselskap

1842

BROBYGGER I ORD OG HANDLING

Konto: 8220 02 85030 • Tlf: 51 51 61 00 • www.nms.no

Glimt og tankar etter ei påske i Roma



Frå Petersplassen 1. påskedag 2011

I påska i fjor var eg i Roma. I to veker var eg undrande turist i den historiske byen som i påska er fullstappa med turistar, svært mange av desse pilegrimar. Husværet i Trastevere, som kona og eg ganske så tilfeldig hadde fått låna, var ypparleg lokalisert litt bak turistløypene. Nå nærmar det seg påske att, og det kan vera naturleg å minnast nokre av desse dagane.

Det heiter seg at det er kort avstand frå Capitol til Den tarpeiske klippe, noko som reint fysisk, var lett å stadfesta. Å peika på at det er kort veg frå glanstider til avgrunn, kan nok ofte vera på sin plass. Men eg skal vakta meg for å gjera slik samanlikning om påska med sine kontrastar. Og det vil vera upassande med eit slikt bilete når ein reflekterer over vår heimlege påskefeiring og katolikkane si høgtid i Roma. Men det kan ikkje vera tvil om at høgtida vert markert ganske ulikt. Med tanke på oppleving av høgtid meiner eg dessutan at det var ein

viss avstand frå Birgitta-søstrene si kyrkje på Piazza Farnese til Petersplassen.

Påskebodskaper – sjølve fundamentet for alle kristne – har same innhald og rommar dei same store kontrastane overalt i verda. Vennskap og jubel – svik og sorg. Liding og død – glede, liv og håp. Men i kor stor grad og korleis sjølve høgtida vert feira eller markert, varierer stort.

Eg fekk berre med meg nokre glimt frå høgtida i Roma, og dette er ingen gjennomgang av korleis katolikkane markerer påskedramaet. Frå fasta vert innleia på oskeonsdag med at kvar enkelt får teikna ein kross av oske i panna, til påskelyset vert tent frå elden som symboliserer Jesu oppstode påskennatt, er det mange gudstenester og ritual som aktiviserer kyrkjelydane til innleving og medvandring.

Kveldsmessa hos Birgitta-søstrene skjærtorsdag var stemningsfull og intim. Etter

preika gjennomførte presten fotvask på nokre utvalde. Messa vart avslutta med at sakramenta vart frakta til eit lite sidekapell. Alteret, bilete og anna pynt i kyrkja vart dekkja til. Ved sidealteret var det vakenatt med tilbeding og bøn. Søstrene skifta på dette utover natta, og mange andre var innom for å ta del. Denne messa gjorde inntrykk. Den verka så ekte og inderleg.

Eg fekk ikkje med meg påskennattsmessa som katolikkane feirar med stor innleving og lovsong. Men eg var i folkehavet på Petersplassen første påskedag. I seg sjølv er det imponerende at meir enn hundre tusen samlar seg for å feira Kristi oppstode saman med Paven. Det var minnerikt og interessant. Men dimensjonane vart kanskje litt for store.

Sjølv om påska som høgtid står sterkt i den katolske kyrkja, må det leggjast til at sekulariseringa også gjer seg gjeldande i Italia og Roma. Turistmaskinen, med til dømes opne butikkar og gate-sal, gjekk for fullt dei fleste stadane – både langfredag og første påskedag. Men det er vel ingen tvil om at for den enkelte katolikk er påska svært viktig, og den blir tydeleg markert i kyrkjelydane. I vår heimege kyrkje trekkjer ikkje påska så mange til kyrkjeleg feiring lenger. Høgtida har nok bleikna ein del i folks medvit. Konkurransen om ting å vera med på desse feriedagane er ikkje blitt mindre med åra.

Tidlegare i vinter las eg eit intervju med den svenske pinsepastoren Peter Halldorf. Han har skriva ei bok som kom på norsk i år om det heilage i kyrkjeåret. – « Dei kristne høgtidene har bleikna. Dette er det tydelegaste teiknet på sekulariseringa i samfunnet », seier han i intervjuet. (VL 28.01.12).

Peter Halldorf bryr seg ikkje om

grenser mellom dei kristne kyrkjelydane: – "Slike er til for å overskridast. Kristus har berre ei kyrkje". Halldorf er leiar for eit økumenisk fellesskap i Sverige og er kjent og respektert i mange kristne miljø, også i Noreg. Han har fått si forståing av kyrkjeåret sin rytme gjennom kunnskap om korleis dei tidlegaste kristne levde og gjennom erfaringar frå eige liv. Hans overtiding er at "tida er heilag" og at kyrkjelege høgtider tydeleggjer Guds nærvær. Han hevdar at me ikkje går i kyrkja fordi me er kristne, men at me er kristne fordi me går i kyrkja! Sjølv om hans ytringar i dette intervjuet kom i ein bestemt samanheng, er dei ganske relevante når ein reflekterer over påska som høgtid – same kor ho vert feira.

RT



Bøn natt til langfredag i Birgitta-søstrene si kyrkje på Piazza Farnese

Fantastisk tilbud for alle på Lye



Solveig Heggheim, til høyre, serverer kyllingsuppe til Monica Liamo Hisken under Fredag i fellesskap 2. mars.

-Fredag i fellesskap er et fantastisk tilbud, der hele familien kan være med, sier en begeistret Monica Liamo Hisken om den nye satsingen i regi av Lye forsamlingshus. Hun er en av 160 små og store som deltok 2. mars.

Dette var andre gang på en måned Lyebuen var invitert til en storsamling med mat, møte og mangfold i grupper.

Egen fellesskapsdag

Fredag i fellesskap vil snart være et nytt begrep på Lyefjell. Første fredag i februar, og for første gang noensinne, arrangerte Lye forsamlingshus en egen fellesskapsdag for hele familien. Storsamlingen startet med middagservering på forsamlingshuset, fortsatte med møte i aulaen og ble avsluttet med aktiviteter og sosiale grupper.

I løpet av to og en halv time fikk bortimot 160 små og store oppleve hvordan fellesskap kan være i praksis. Fellesskapsdagen har allerede høstet mange lovord.



Hildegunn Undheim, til venstre og Kari Stokka har vært sentrale i planleggingen av Fredag i fellesskap



Eline Garpestad, fra venstre, Hallvard Sæbø med gitar og Ole Helgeland bak slagverket, deltok med sang-og musikk på det første Fredag i fellesskap.



Tina Underhaug (11) som var med i klatregruppen på Fredag i fellesskap, har tidligere vært med i en klatregruppe. -Det er kjekt å klatre. Jeg blir sterk av det, sier hun

Noe for alle

-Her er noe til alle aldersgrupper, sier Kari Stokka, en av ildsjelene som har vært sentral i planleggingen.

-Dette er et forsøk på å samle folk på tvers av alder til felles aktiviteter når skole- og arbeidsuken er slutt, og de fleste har fri dagen etter, sier Kari Stokka. Sammen med Hildegunn Undheim og Sigurd Idland har hun vært sentral i planleggingen og gjennomføringen av arrangementet. Siktemålet er å sveise folk bedre sammen og gjøre det lettere for flere å finne sin plass i fellesskapet.



Merete Nedrebø viser de to niåringene Birte Nærland, til venstre, og Renate Undheim hvordan akrylmalingen skal brukes på englebildet.

Mange ga uttrykk for at det var så bra å komme rett fra jobb til ferdig middag på Lye forsamlingshus.

Etter måltidet er det møte. Første samling hadde Gunnar Frøyland andakt, barnegruppa Agape og en gruppe ungdommer stod for sang og musikk. På Fredag i fellesskap 2. mars sang Lye barnegospel og Ole Tørring hadde andakt.

forts. neste side



Fedre og sønner klar for fotball: Fra venstre Per Magne Lende med sønnene Jonas og Sondre foran. I midten Alf Endre Stokka med sønnen Erlend foran og til høyre Jon Yngve Hisker med sønnen Peder

-Hvilke grupper kan små og store velge mellom?
-Her er det mange tilbud, og den enkelte kan velge en aktivitet eller være med i en sosial gruppe, sier Stokka. På den første storsamlingen var både innebandy og klatring i Lyehallen blant tilbudene. På Lye skule var det bakegruppe, dansegruppe og kreativ gruppe. Og så var det egen lekegruppe for smårollingene. Den var også på skolen. Og ikke minst var det en egen kafé med spill, aviser og mulighet for å drøse sammen, sier hun. Her var det flere av de voksne som hadde slått seg ned. På den siste storsamlingen var det også fotballgruppe og spill på storskjerm.

Les også: www.lyeforsamlingshus.no

DHF



Marianne Fosse og sønnen Emil (3) koser seg i lekegruppen



Lotte Sørli(7) og Kaisa Braut(7) synes det var gildt å bake skoleboller på bakegruppen

Om pietismen på Garborgdagane



Kveldens foredragshaldar Fartein Valen-Senstad (midten) saman med Sigbjørn Reime og songaren Sølvi Irene Vinnes.



Det var fullt mellom bokreolane i biblioteket då Sigbjørn Reime innleia kveldsetet på årets Garborgdagane.

Det er i år 120 år sidan romanen *Fred* kom ut, og diktaren sin bursdag, 25.januar, vart markert med "kveldsete" på Time Bibliotek. Arrangementet var ein del av årets Garborgdagane som Time kommune, Time mållag, Time Bibliotek og Garborgsenteret kvart år skipar til i slutten av januar. Og publikumstilstrøminga viste at interessa for diktaren er stor. Plassen mellom bokreolane måtte stadig utvidast. I alt kom det om lag 150 personar.

Fred som rommar både forteljinga om diktaren sin barndom og hans refleksjonar over det han opplevde, vert rekna som ein av dei aller beste romanane i vår litteraturhistorie. Det fortalte Sigbjørn Reime i innleiinga. Han gav eit interessant bakteppe for handlinga i *Fred* og for tida i 1850-, -60 og -70 åra på Jæren.

